

Foto: Carina Johansen / NTB Scampix



**LAUG:** Petter Northug krasja bilen etter at han hadde drukke alkohol. Han innrømmer at han laug for politiet etterpå.

## Laug til politiet

● **Skistjerna Petter Northug laug tre gonger til politiet.**

Petter Northug hevda at kameraten krasja bilen 4. mai, men Northug køyrde sjølv. Han hadde drukke alkohol. Tysdag blei skistjerna tiltalt for falsk skulding. Han er også tiltalt for å ha stukke frå kameraten som var skada. Northug køyrde også for fort og han varsla ikkje politiet om ulukka. Det kan han også straffast for.

Falsk skulding er det mest alvorlege i tiltalen. Det betyr normalt at personen må

sones i fengsel, seier advokat John Christian Elden til nyhendebyrået NTB.

Skistjerna kan miste retten til å køyre bil «for alltid». Det betyr eigentleg i fem år, seier Elden. Northug seier at forklaringa kom mens han framleis var full. Han er lei seg og klar for å ta straffa si, seier han.

Northug seier ja til at saka blir ei tilståingssak i retten. Då møter han for ein dommar og innrømmer alt.

**Cecilie Bakken Høstmark**  
cecilie@klartale.no

## Drepen i retten

### DANMARK

» Ein 67 år gammal bestefar skaut og drap ein advokat i retten i Danmark tysdag. Han skaut også svigeronen sin, som blei alvorleg skadd. Dei kringla om retten til eit barn på 3 år.

Millionar av menneske svelt i Sør-Sudan. Det kan snart bli svoltkatastrofe.

**Les meir på side 3**

## Jamt i Skottland

### SKOTTLAND

» I dag (torsdag) stemmer skottane. Dei skal seie ja eller nei til om Skottland skal rive seg laus frå Storbritannia. Det er jamt på meiningsmålingane, skriv nyhendebyrået NTB. Regjeringa i London lover at Skottland skal få styre meir om dei seier nei.

Illustrasjon: Jonas Dahlberg


## Klagar på kreftvideo

### HELSE

» Ein musikkvideo viser kvinner med sjukdomen kreft. Dei dansar

sexy. No blir videoen klagt inn for Forbrukerombodet.

Det er reklame som diskriminerer på kjønn, meiner ein fyrstelektor. Stiftinga Aktiv mot kreft seier at videoen skal vise gleder over å vere fysisk aktiv. Det melder kanalen NRK.



Skjermdump: Youtube

## Kan hjelpe i Irak

» Noreg kan hjelpe til militært i Irak. Stortinget skal diskutere saka. Fleire land skal kjempe mot terror-gruppa Den islamske staten (IS). Noreg kan lære opp folk. Men Noreg vil truleg ikkje delta med soldatar på bakken eller med fly.

## ORD I NYHENDA

### RESISTENS

● Nordmenn får 51 tonn av medisinen antibiotika i året. Det kan føre til resistens, seier Folkehelse-instituttet.

Ordet «resistens» betyr motstand. Blir ordet brukt om bakteriar, betyr det at bakteriane klarer å stå i mot medisinen antibiotika. Då kan medisinen slutte å verke mot sjukdomar.

Folkehelse-instituttet vil at nordmenn bruker 20 prosent mindre antibiotika. Dei håper å kutte bruken i løpet av dei neste to til tre åra, skriv avisa VG.

## Gjekk fleire kilometer i søvne

» Ei fem år gammel jente skal ha gått fire kilometer i søvne. Det skjedde i Honningsvåg i Finnmark natt til måndag, skriv avisa VG. Jenta blei funnen sovande på ei trapp om morgonen.



**NEI:** Slik tenkte kunstnaren Jonas Dahlberg at minnestaden skulle bli. Men Hole kommune seier nei.

## Nei til minnestad

**TERRORANGREPA**  
» Politikarane i Hole kommune i Buskerud seier nei til å ha minnestad på Sørbråten. Regjeringa ville ha denne staden for å minnast dei døde etter terroren 22. juli 2011. Men naboar fryktar at naturen på staden blir øydelagd. Dei ønsker heller ikkje eit så stort minnesmerke som minner dei på tragedien kvar dag. Måndag bestemte politikarane i Hole at dei vil foreslå ein ny stad.

## Nektar å sjå faren

### TERRORANGREPA

» Terrordømde Anders Behring Breivik nektar faren Jens Breivik å besøke han i fengselet. Han seier at faren fyrst må bli høgreekstrem fascist. Det skriv avisa VG.

Sonen har sendt brev til faren sin frå fengselet. Der skriv han at faren må slutte med dei

sosial-demokratiske ideane sine.

Breivik som Breivik og faren har sendt til kvarandre, blir truleg skildra i den nye boka «Min skyld? En fars historie». «Eg føler skyld. Og eg føler ansvar. Kva om eg hadde vore ein betre far? Ville Anders gjort det han gjorde då?»,

skriv faren i boka.

– Eg gruer meg sjølv sagt litt til boka kjem ut. Men eg synest dette er nødvendig. Dette er noko eg må gjere, seier Jens Breivik til VG.

Boka kjem i dag (torsdag).

**Cecilie Bakken Høstmark**  
cecilie@klartale.no

Foto:



**SVELT:** Ei kvinne har fått ein sekk med mel frå ein hjelpe-organisasjon. Folk i landet har lite mat. Det kan bli hungersnød, seier hjelpe-organisasjonane.

# Svelt mens folk skyt

## ● Folk i Sør-Sudan svelt på grunn av krigen. Snart kan det bli hungersnød i landet.

Nesten fire millionar menneske svelt i Sør-Sudan. Det kan snart bli svoltkatastrofe. I ni månader har regjeringa og opprørarar kriga.

– Mange har flykta på grunn av krigen. Dei får ikkje dyrka jord for å få mat, seier Ulrika Blom til Klar Tale. Ho leier Flyktningshjelpen sitt arbeid i Sør-Sudan.

Folk blir meir og meir avhengig av hjelp for å overleve. Den viktigaste årsaka er at dei ikkje kan flytte seg fritt rundt og leve

dei vanlege liva sine. Det er også vanskeleg å frakte varer rundt. Marknadene er tomme, eller så har folk berre nokre få ting å selje, fortel Blom.

Sør-Sudan blei eit eige land i 2011. Men i fjor fjerna president Salva Kiir visepresident Riek Machar. Machar starta eit opprør mot presidenten. Dei har kriga sidan desember i fjor. Fleire tusen er drepne. Halvannen million er på flukt. Tre gonger har partane brote avtalar om å legge ned våpna. I slutten av august laga dei ein ny avtale om fred.

Flyktningshjelpen seier at

utfordringa er å få hjelpa fram til folk. Det er regntid, og då må dei frakte mykje av maten med helikopter og fly. Når det blir tørt, kan dei igjen bruke lastebilar. Men lastebilar kan bli stansa, og nokre gonger rana, fortel Blom.

Også organisasjonen CARE jobbar i Sør-Sudan.

– Det er eit desperat behov for fred. Landa i verda må handle med ein gong. Dei må legge press på dei som er usamde, seier Aimee Ansari i CARE til nyhendebyrået NTB.

**Cecilie Bakken Høstmark**  
cecilie@klartale.no

## ” MITT ORD

## Ikkje så kult



Foto: NTB scanpix

**Jannik Bonnevie**, skodespelar, 69 år gammal. Speler i den nye TV-serien «Kampen for tilværelsen».

## – Kva er ditt favorittord?

– «Kjærleik».

## – Kvifor liker du dette ordet så godt?

– Det rommar så mykje. Du kan plutselig kjenne kontakt med kjærleik, og han kan glempe. Han er det viktigaste i livet, og noko vi ikkje kan kontrollere.

## – Kva ord liker du ikkje?

– «Kult». Det er eit litt glatt, kaldt og upersonleg ord.

## – Kva er eit typisk skodespelarord?

– «Nærvær». Det er eit ord kritikarane bruker ofte.

## – Kva ord bruker du ofte?

– «Synest». Eg seier ofte «eg synest». Eg bør ikkje synse så mykje.

## – Kva ord bruker du for å skildre deg sjølv?

– «Nysgjerrig», «ukonvensjonell», «direkte», og «utolmodig».

Mo imponerte  
TV

» Artisten Mo imponerte i fyrste runde av TV-konkurransen «Stjernekamp». Han song «Hound Dog» av artisten Elvis. Ingen blei stemt ut denne gongen. Men artistane Anita Skorgan, Unni Wilhelmsen og Nora Foss Al-Jabri fekk færrest stemmer.

Best likt av  
publikum

## FILM

» Den norske regissøren Morten Tyldum fekk skryt for filmen «The Imitation Game». Filmen fekk publikumsprisen under filmfestivalen i Toronto i Canada søndag. Prisen er den viktigaste på festivalen, skriv avisa Aftenposten.

Foto: NTB scanpix



**ENGLAR:** Prinsesse Märtha Louise driv ei engleskule. Ho kan skade kongehuset, seier ekspertar.

## – Kan skade kongehuset

## KONGELEGE

» Engleskulen til prinsesse Märtha Louise arrangerte eit seminar søndag. Der lét dei britiske Lisa Williams prøve å få kontakt med døde. Fleire ekspertar meiner prinsessa kan skade det norske kongehuset, skriv avisa Dagbladet. Prinsesse Märtha Louise seier at jobben hennar og kongehuset er to ulike ting.



## Vil starte eit nytt liv

» I filmen «Mot naturen» er vi med inn i hovudet til Martin. Vi får høyre alt han tenker på, men ikkje seier. Han tenker på å forlate familien og starte eit heilt nytt liv. Og så tenker han at alt vil ordne seg dersom du barberer underlivet og får eit bra sexliv. Martin tar val som gjer at livet hans aldri kan bli det same. Ole Giæver har både skrive manus og speler hovudrolla. «Mot naturen» har premiere fredag. Han passsar for folk over 11 år.